

Hallo i nedslagsfeltet!

Den seinaste tida har som vanleg gått til skule, trening og vener. Den siste veka har vore nokså stressande, med prøvar, framføring og innlevering. Men humøret er på topp! 😊

For ei lita stund sidan var det jo påskeferie, og då var eg i Velledalen, verdas finaste plass! Veret var heilt supert, så vi fekk tatt oss nokre fine skiturar, både på fjellturar og på bortover-ski.



Vi fekk gått på Myrdalsfjellet, Tuegga og Høgenykjen. Samt mange turar rundt Nysætervatnet med Solveig, og ein tur til Vallasætra og Brunstadsætra. Superfine turar alle saman!



På Tuegga! Her fekk eg prøvd randonee-skia mine skikkelig. Det er ganske så tungt å drasse dei med seg oppover, men det får ein igjen for ned att. Snøen var ikkje perfekt, det veksla mellom skare, is og pudder. Men for all del, ein kjempefin tur!



Meg og Ingrid på Myrdalsfjellet.

Elles startar fotballsesongen no på tysdag, kor vi skal spele mot Siddis på bortebane. Blir spanande!! Førre veke vann vi ein treningskamp, so det lovar godt.

I dag begynte det, til min store skuffelse, å regne. Eg huskar faktisk ikkje sist det regna her, noko som er sjeldan! Men det må vel til med litt regn òg. Denne helga har eg:




Hatt dragkamp med Reidar og ei presenning...

... Vore på joggetur i regnet...



... Ete good mat på restaurant...



... Og vore leika på leikeklass. Jøudåå!



Forresten so må alle melde seg på Konradløpet!!

Mi personlege form i skrivande stund er på ein skala frå 1-10 vurdert til:  
7,5

- Andrea